



Sveio kommune

Sveio Næringsplan 2014-2018





INNHALD

1	BAKGRUNN	5
1.1	Planprosessen og utforming.....	5
2	HAUGALANDET OG SUNNHORDLAND.....	7
2.1	Næringsstruktur på Haugalandet og Sunnhordland.....	8
3	SVEIO KOMMUNE.....	13
3.1	Næringsstatus og struktur.....	13
3.2	Visjon og hovudmål.....	19
3.3	Prioriterte næringer.....	20
3.3.1	Helse.....	20
3.3.2	Landbruk.....	21
3.3.3	Reiseliv og kultur.....	22
3.4	Fokusområder (drivarar).....	24
3.4.1	Næringservice.....	24
3.4.2	Infrastruktur.....	25
3.4.3	Næringsareal.....	26
3.4.4	Omdømmebygging.....	27
3.4.5	Stad- og sentrumsutvikling.....	28
3.4.6	Kompetanse.....	29
4	HANDLINGSPROGRAM.....	31

Utarbeidet av Haugaland Vekst IKS
på vegne av Sveio kommune
Vedtatt i Sveio kommunestyre
16. desember 2013



1. BAKGRUNN

Haugaland Vekst IKS har fått i oppdrag av Sveio kommune å lage ny næringsplan for kommunen. Sveio kommune gjekk inn som eigar av Haugaland Vekst frå januar 2013. Haugaland Vekst har ein eigarstruktur som består av Haugesund kommune, Tysvær kommune, Bokn kommune, Utsira kommune og Rogaland fylkeskommune. Haugaland Vekst tek såleis i vare Sveio kommune sin nærings-service-funksjon.

Kommunen sin næringsplan med handlingsprogram er viktig styringsreiskap både for arbeidet som blir lagt ned for kommunen i Haugaland Vekst, men òg for administrasjonen og politikarane i kommunen. Ein god prosess gjev kommunen og Haugaland Vekst gode kunnskarar om næringslivet i kommunen, viser utfordringane partane har og gjev eit godt grunnlag for politiske avgjerder om korleis kommunen ynskjer å leggje tilhøva til rette for næringsutvikling i Sveio.

Kommunen sin næringsplan er ein strategisk del av kommunen sitt planverk og må sjåast i samanheng med andre planar i kommunen, til dømes kommuneplanen, klima- og energiplanen, budsjett, med meir. Det er viktig at næringsplanen stemmer over eins med andre kommunale planar og føringar. Næringsplanen vil leggje føringar for prioriteringane innan næringsrelaterte tema i nye planar som blir utarbeidde i kommunen.

Regional næringsplan for Hordaland fylkeskommune 2013-2017 vart handsama og godkjent av Fylkestinget 11. juni 2013. Bakgrunnen for fylkeskommunal næringsplan er blant anna at Regjeringa i Forvaltningsreformen (St.meld nr 12, 2006-2007) har avgjort at fylkeskommunane skal vere i førarsetet når det gjeld regional næringsutvikling frå 2010. Fylka blir dermed ein viktig næringsutviklingsaktør og det er viktigare enn tidlegare at kommunane med sine mål, strategiar og tiltak innan næringsutvikling når inn til fylket og påverkar planane på fylkesnivå. Dette kan i neste omgang bety noko for ressurstilgangen til utviklingsarbeid i kommunane våre og region vår.

Det må heile tida stillast spørsmål ved kva som skal inn i dei kommunale næringsplanane av tiltak og kven planane blir laga for. Dette er heilt klårt planar som skal bidra til at kommunane blir betre til å leggja til rette for nærings-

utvikling. Dette gjeld i første rekka opparbeiding og forbetring av teknisk og samfunnsmessig infrastruktur. Det kan vere tiltak som hevar kvaliteten på bu-, kommunikasjons- eller tenestetilbodet, utdanning og oppvekstvilkår. Det offentlege kan òg til ei viss grad spele ei rolle når det gjeld å påverke overordna styresmakter og etablere nettverk og møteplassar på tvers av føretak, organisasjonar og styresmakter. Men korleis føretaka konkurrer i marknaden eller opptreir overfor kundane sine, er i hovudsak utanfor næringsplanen sitt verkeområde.

Det er vanskeleg å spå kva for nye teknologiar, sosiale fenomen eller trendar som vil ha størst påverknad på utviklinga dei neste ti åra. Dette gjev klåre utfordringar til planarbeidet. Målet er at kommunane får planar som i den grad det er mogleg ser framover og har med tiltak som òg er konkrete og målbare.

1.1 PLANPROSESSEN OG UTFORMING

Arbeidet med rullering av næringsplanen for Sveio starta formelt opp i januar 2013 med etablering av ein lokal arbeidsgruppe som hadde med representantar frå næringslivet, relevante lokale organisasjonar, formannskapet og administrasjonen. Desse var med og kvalitetssikra arbeidet undervegs og før forslaget vart sendt over til politisk handsaming i kommunen. Haugaland Vekst har hatt sekretariatet og ført planen i pennen.

Arbeid med næringsplanen vart lagt opp med høg grad av medverknad frå næringslivet. I mars vart det gjennomført ein moglegheitsarena med påfølgjande fokusmøte. Fokusmøta har gjeve gode innspel til planen og har bidrege til å få eit godt bilete av status og eit bilete av framtids-moglegheitene til Sveio.

I utgangspunktet er dette ein 4-årig plan med eit 10-15-årig perspektiv. Handlingsprogrammet blir vurdert etter behov og i budsjettsamanheng. Planen består av ein tekstdel og eit handlingsprogram. Allereie vedteke felles handlingsplan for kommunane Haugesund, Tysvær, Bokn, Utsira og Vindafjord følgjer som vedlegg og skal rullerast i løpet av 2014 der Sveio blir ein aktiv part.



2. HAUGALANDET OG SUNNHORDLAND

Haugalandet er her definert som kommunane Haugesund, Karmøy, Tysvær, Bokn, Utsira, Sveio, Vindafjord, Etne og Sauda. Desse blir rekna som ein felles bu- og arbeidsmarknad. Utsira er likevel i ein spesiell situasjon i og med at kontakten med resten av Haugalandet er avhengig av ein ferjetur på over ein time. Sunnhordland omfattar kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Regionen her utgjer òg ein felles bu- og arbeidsmarknad. Sveio saman med Etne er dei einaste kommunane som har ei tilknytning til begge regionane med ei formell tilknytning til Hordaland fylke.

Regionane ligg midt mellom to sterke byregionar, Stavanger og Bergen, noko som kan vere ein trussel, men òg ein styrke. Eit framtidig Rogfast og seinare Hordfast og Vestfast, vil gje regionane store høve om politikarar, næringsliv og det offentlege klarar å opptre målretta og samla framover. Om dette arbeidet ikkje lukkast, kan det ende med ein endå større grad av filialisering enn vi er vitne til i dag, der kommunar og regionar blir tømt for hovudkontor, toppleing og andre sentrale funksjonar. Men det motsette kan òg skje om kommunane og regionane står samla og klarar å få fram budskapet om at vi er midt i mellom dei store byregionane, med dei fordelane det vil vere for etableringar av ulike slag.

I arbeidet med næringsplanane på Haugalandet og Strategisk næringsplan for Sunnhordland, finst følgjande regionale prioriteringar:

Haugalandet - Prioriterte næringar:

- Maritime næringar
- Energinæringar
- Opplevingsnæringar (reiseliv og kultur)
- Mat (blå og grøn mat)

Haugalandet - Strategiske satsingsområde:

- Nyskaping
- Næringsapparat
- Infrastruktur
- Kompetanse
- Omdømebygging og rekruttering
- Internasjonalisering

Sunnhordland - Strategiske satsingsområde:


- Samferdsel
- Rekruttering / kompetanse / omdømmebygging
- Næringsutvikling
- Næringssservice
- Folkehelseprofil
- Samarbeidsrådet

2.1

2.1 NÆRINGSSTRUKTUR PÅ HAUGALANDET OG SUNNHORDLAND


Ved utgangen av 2012 hadde Haugalandet og Sunnhordland ei samla sysselsetting på 76.906 personar.

TAL SYSSELSETTE 2008-2012
HAUGALANDET OG SUNNHORDLAND



Utvikling i sysselsettinga på Haugalandet og Sunnhordland i perioden 2008-2012. Kjelde: SSB Tabell 08635

DEL SYSSELSETTE PER HOVEDNÆRING 2012
HAUGALANDET OG SUNNHORDLAND



Fordeling av sysselsette på Haugalandet og i Sunnhordland på hovudnæringane i 2012. Kjelde: SSB tabell 08536


2.1



2.1

I perioden 2002 og fram til 1. kvartal 2013 auka talet på føretak på Haugalandet og i Sunnhordland. I byrjinga av perioden, dvs 2002-2004, opplevde regionen ein svak nedgang i talet på føretak. Frå 2004 til 2008 var det ei kraftigare utvikling i talet på føretak enn frå medio 2008 og fram til i dag. I siste perioden har utviklinga vore noko svakare.

TAL VERKSEMDER 2003 - 2013
HAUGALANDET OG SUNNHORDLAND



Tal føretak på Haugalandet og i Sunnhordland med meir enn 1 tilsett, 2003-2013. Kjelde: Tabell 07091 og 03109: Føretak etter næring og tal tilsette (K) (Figuren er unnateke Vindafjord, Ølen og nye Vindafjord kommune)

2.1






3. SVEIO KOMMUNE

3.1 NÆRINGSSTATUS OG STRUKTUR

Næringsutviklinga i Sveio kommune er geografisk plassert på ulike stader med einsskild tyngdepunkt. Sveio kommune har ei offensiv landbruksnæring som gjev eit vent kulturlandskap og grunnlag for busetjing i heile kommunen. Akvakultur er ei næring som styrkjer dei kystnære stadane. Handelsnæringa har som følge av utviklinga rundt Sveio sentrum vakse dei siste åra, og bygging av Haugaland Golfbane Sveio har ført til etablering av ei rekkje bustader og av næringsbygget Albatross. Bygg- og anleggsnæringa er viktig i kommunen, og vi har elles industri og tenesteytande føretak på ulike stader i kommunen. Ryvarden fyr og Fartein Valen-heimen er konkrete satsingar på kulturbasert næring sør og nord i kommunen.¹

For å få eit bilete av dagens næringsstruktur i Sveio, er det utarbeidd statistikk som viser befolkningsutviklinga, tal sysselsette med arbeidsstad i kommunen og tal verksemder. Sveio har det siste tiåret hatt ein sterk befolkningsutvikling – både på grunn av fødselsoverskot, auka innvandring og innanlands innflytting. Sveio er den kommunen i regionen som er mest attraktiv for busetting og innflytting frå andre kommunar. Utviklinga var spesielt sterk i 2012.² Mykje av dette kan skuldast god tilgjenge på attraktive bustadtomter, kort behandlingstid av byggesaker og ikkje minst god barnehagedekning. Per 2. kvartal 2013 var det registrert 5419 innbyggjarar i Sveio.

BEFOLKNINGSUTVIKLING SVEIO 2000-2012



¹ Kjelde: Kommuneplan for Sveio 2011-2023

² Regional plan for areal og transport på Haugalandet - versjon 19. mai 2011 med oppdatering for 2012


3.1

Av i alt 2663 (i 2011) arbeidstakarar busette i kommunen var det 1152 personar som pendla ut av kommunen mot 213 personar inn. Sveio er den kommunen i regionen med størst utpendling. Den var ca 43 % i 2011.

I perioden 2006-2009 har det vore ein generell vekst i tal sysselsette, men Sveio opplevde ein liten nedgang

i perioden 2009-2011. Som i resten av verda ramma finanskrisa òg Sveio og anleggsbransjen spesielt. Bygg- og anleggsbransjen utgjer ein relativt stor del av tal sysselsette i kommunen. Sveio har likevel totalt sett hatt ein auke i tal sysselsette på rundt 17 % i perioden 2000-2012.

TAL SYSSELSETTE ETTER ARBEIDSSTAD - SVEIO



Tal sysselsette i Sveio, 2001-2012. Kjelde: Tabell: 07979: Sysselsette per 4. kvartal, etter bustad, arbeidsstad, næring (SN2007) og sektor (K)




3.1

Utviklinga i tal verksemder lokalisert i regionen og den einssilde kommunen har samanheng med konjunkturar og andre interne og eksterne drivkrefter, men seier òg noko om regionen og kommunane sin attraktivitet som område for næringsetablering.

Sveio har hatt ei jamn utvikling i tal verksemder i perioden 2002-2013. Veksten var relativt svak og noko negativ

gjennom 2008 og deler av 2009, før kommunen opplevde ny vekst i 2009 og framover. Dei fire siste åra har Sveio opplevt ei utvikling i tal føretak og hadde per 1. kvartal i 2013 totalt 157 føretak med meir enn 1 tilsett. Av 360 registrerte verksemder utan tilsette står landbruket for ca 140 føretak.

TAL VERKSEMDER I SVEIO 2002 - 2013




Tal føretak i Sveio, 2002-2013. Kjelde: Tabell 07091 og 03109: Føretak etter næring og tal tilsette (K)

3.1

Næringsstrukturen i Sveio blir òg analysert ved å sjå på korleis sysselsetjinga fordeler seg mellom dei ulike hovudnæringane. Som i mange andre mindre kommunar, er kommunen den største arbeidsgivaren. Delen offentlege tilsette utgjer difor ein stor del av den totale sysselsetjinga. I 2012 utgjorde sysselsetjinga i offentlig sektor nærare 54 %.




DEL SYSSELSETTE PER HOVUDNÆRING 2012



Fordeling av sysselsatte etter hovudnæring i Sveio i 2012.
Kjelde: SSB Tabell 08536

3.1

DEL SYSSELSETTE PER HOVDNÆRING 2008 - 2012



Fordeling av sysselsatte etter hovudnæring i Sveio i perioden 2008-2012. Kjelde: SSB Tabell 08536



3.2



3.2

3.2 VISJON OG HOVUDMÅL

VISJON

«Vilje til vekst – ein god stad å bu»

HOVUDMÅL

Målet med planen er å skape offensiv næringsutvikling som bidreg til styrkt positivt omdøme og attraktivitet for Sveio innanfor føretak, besøk og bustad.

Kommunen skal gjennom planen støtte, samordne og leggje til rette for ei god næringsutvikling. Det skal skje gjennom budsjettløyvingar, ved god arealpolitikk, i samarbeid med private aktørar og ved politisk påverknad mot overordna styresmakter. Kommunen ynskjer at private føretak opplever Sveio som eit godt stad å vere.³

Sveio har sett ned tre delmål i planen sin som skal byggje opp under hovudmål og gje retning for prioriterte satsingsområde og drivarar.

DELMÅL Styrke bedriftsattraktiviteten

DELMÅL Styrke besøksattraktiviteten

DELMÅL Styrke bustadsattraktiviteten

OVERORDNA STRATEGIAR Tilrettelegging, utvikling og omdømebygging

Planen er i hovudsak eit verktøy og styringsdokument for kommunen i arbeidet sitt med næringsutvikling. Planen skal i tillegg vere eit verkemiddel for etablerarar og eksisterande næringsliv.

³ Kjelde: Kommuneplan for Sveio 2011-2023

3.3

3.3 PRIORITERTE NÆRINGAR

I planen definerer kommunen sine strategiske satsingsområde. Prioriterte næringar er viktige næringar som allereie finst i kommunen eller moglege framtidige næringar der kommunen kan ha spesielle fortrinn.

Med plasseringa si bør Sveio ha store moglegheiter både med tanke på vekst i folkesetnaden og vidare utvikling av eksisterande næringsliv og etablering av nye arbeidsplassar.

For Sveio kommune er det viktig å leggje tilhøva til rette for at dagens næringsliv får høve til å utvikle føretaka sine vidare og ivareta etablerarar på ein best mogleg måte. Dette kan kommunen gjere ved å sørge for god infrastruktur, gode og effektive kommunale tenester og god dialog med dei som driv næring i kommunen

Følgjande prioriterte næringar er valt for Sveio i næringsplanperioden 2014 -2018.

- Helse
- Landbruk
- Reiseliv

3.3.1 HELSE

Gjennom Samhandlingsreformen er det lagt vekt på at ressursbruken innan helsesektoren slik han er organisert i dag, ikkje kan fortsetje. I dette ligg det at fokus framover må rettast meir mot målretta arbeid innanfor folkehelse som eit satsingsområde kor førebyggjande helsearbeid står sentralt. Fokus er helse og livskvalitet.

Fleire partar meiner det er grunnlag for at Sveio kan ta ein posisjon innan helse som ei strategisk satsing innan næringsutvikling i kommunen. Helse er i dag og i morgon meir enn berre eit offentleg tenestetilbod. Utgangspunktet er utvikling av miljø som gjev høve for vekst og utvikling gjennom eit tettare samarbeid med både etablerte institusjonar og verksemder, og dessutan det offentlege helsemiljøet i kommunen og regionen.

Etablerte private og offentlege verksemder saman med nystarta føretak gjev potensiale for etablering av eit miljø der desse kan samarbeide og gje synergieffektar. Gjennom å samle aktørane på ein stad, aukar òg høva for å skape vekst innan helse som næring.

Området ved Sveio Golfpark kan gje høve for å vitaliserer ei felles satsing på ei klynge av næringsaktørar innan førebyggjande helse og rehabilitering saman med det offentlege og andre aktørar i regionen. Føresetnader vil vere tilgjenge på livsløpsbustader på området og tilgjenge til offentlege helsetenester. Det må jobbast målretta etter nasjonale føringar innan satsing på utvikling av ny velferdsteknologi.

MÅLSETTING

Utvikle næringsområdet ved golfbanen til å bli ein etablert lokal og regional arena for tilbod innan ulike delar av helsesektoren både for private og offentlege aktørar som igjen kan skape grunnlag for satsing på helseturisme og busetjing i Sveio.

STRATEGIAR

- Tilrettelegging
- Utvikling
- Samarbeid



3.3.2 LANDBRUK

Den viktigaste samfunnsoppgåva til norsk landbruk er å sikre nok trygg og variert mat av god kvalitet. Men landbruket medverkar òg til desentralisert busetjing og næringsliv over heile landet, miljøgode som bevaring av biologisk mangfald, kulturlandskap og dei karbonlagra som skogen og jorda utgjer. Landbruket spelar òg ei viktig rolle for å vidareføre tradisjonell kunnskap og kultur.⁴

Landbruk har vore, og er ei viktig næring i Sveio. I matproduksjonsverksemdene er det mange som for tida satsar stort på utvikling og forskning. Denne satsinga legg grunnlag for at jordbruksnæringa vil vere ei stor og viktig næring i Sveio i framtida. Eit aktivt landbruk er òg viktig for andre næringar som til dømes reiseliv. Ein stor del av reiselivsnæringa spring ut frå landbruket og aktivt arbeid med kulturlandskapet er viktig for næringa.

Mykje av næringsutviklinga i kommunen skjer i landbruket eller med basis i menneskelege og materielle verdiar knytt til landbruket. Landbruket er vesentleg for spreidd busetjing og for næringsutvikling i alle delar av kommunen. Kommunen vil leggje vekt på landbrukstilknytning ved næringsutviklinga i kommunen som skissert i kommuneplanen.⁵

Landbruksdrift er viktig for å oppretthalde busetjinga i bygdene i Sveio og må difor takast vare på i den grad det er mogleg. Næringsutvikling innanfor landbruket må ha fokus, anten det gjeld å vidareutvikle den landbruksretta produksjonen på gardane, eller det er etablering av tilleggsnæringar. For å få lønsemd i landbruket i dag blir einingane stadig større. For å oppretthalde landbruket i kommunen, er det ein føresetnad at det blir lagt til rette for ny busetjing og eller annan aktivitet på gardane som ikkje krev landbrukstilknytning.

Moglegheitene som ligg i Innovasjon Noreg sitt verkemiddelapparat må gjerast synlege. Det same gjeld «Inn på tunet» og reiseliv knytt til landbruket.

Landbruksnæringa i Sveio hadde i 2012 ca 7 % av totalt tal verksemdar med meir enn 1 tilsett.

Sysselsetjinga innanfor jordbruk og skogbruk utgjorde i 2012 ca 9 % av samla sysselsetjing i kommunen.

⁴ Fylkesmannen

⁵ Kommuneplan for Sveio 2011-2023

MÅLSETTING

Styrke attraktiviteten til landbruket som ei framtidsretta næring og bygdeutviklar for auka busetjinga i heile kommunen.

STRATEGI

- Tilrettelegging
- Omdømebygging
- Stad- og produktutvikling



3.3

3.3.3 REISELIV OG KULTUR

Reiseliv og kultur er viktige næringer og har stor betydning for kommunen si attraksjonskraft. I mange samanhengar blir omgrepet «opplevingsnæringer» nytta som eit samleomgrep for reiselivsnæringa og kulturnæringer. Opplevingsnæringer6 utgjer ein vesentleg del av såkalla besøksnæringer. Besøksnæringer består av aktivitetar, handel, overnatting og servering. Dette er næringer der kunden må møte opp personleg.

Det var 37 personar sysselsette innanfor opplevingsnæringa i 2012. Det utgjer nærare 3 % av samla sysselsetjing i kommunen.

Sjansane for utvikling og vekst er likevel store både i kommunen og i regionane nord og sør for Sveio gjennom produktutvikling basert på marknadsbehov og etterspurnad, og dessutan meir målretta marknadsføring. Det kan bidra til ei betre plattform for betre bærekraft i næringa. Det er difor viktig med langsiktige og heilskapelege løysingar som både tek vare på naturkvalitetar, kulturgrunnlag/særpreg, miljø og framtidige behov for stadutvikling og vekstmoglegheiter for reiselivsnæringa. Fokus framover er bærekraft.

I Sveio er det ingen større reiselivsbedrifter og derfor få som tilbyr kommersiell overnatting. Hovudtilbodet innan overnatting er i form av hytteutleige i heile kommunen. Det er òg få og små aktørar innan aktivitet og servering. Haugaland Golfbane Sveio er den største kommersielle aktivitetstilbydaren og kan i dag skilte med ein av Noregs beste golfanlegg med ein fullverdig bane med 18 hol. Ryvarden Kulturfyr er blant Hordaland og Haugalandet sitt mest besøkte turmål med over 30000 besøkjande årleg. Kulturfyret tilbyr ei lang rekke kunst og kulturtilbod for heile familien, og vanleg kafédriфт og galleributikk som tilbod til turgåarar og andre besøkjande. Ryvarden Kulturfyr tilbyr òg skreddarsydd opplegg for kurs-, konferanse- og selskapsmarknaden. Satsinga rundt Fartein Valen-heimen og Valestrand kulturkyrkje, representerer viktige utviklingsmiljø som i tillegg til å skape aktivitet innan kulturbasert næringsutvikling, og er gode fyrtårn for marknadsføring av kommunen. Satsing på servering og gjestehamn i Førde er viktige etableringar innan reiselivet i kommune. Det finst i dag gjestehamner i Førde, Valevåg, Buavåg og Auklandshamn.

MÅLSETTING

Sveio skal i løpet av planperioden etablere seg som eit attraktivt besøksmål innanfor helseturisme i regionen

og styrkje posisjonen sin som besøksmål gjennom auka attraktivitet innanfor opplevingsnæringane.

STRATEGIAR

- Marknadstilpassa produktutvikling og marknadsføring
- Organisering og pakking
- Stadutvikling

3.3



3.4

3.4 FOKUSOMRÅDER (DRIVARAR)

Drivarar er viktige faktorar som påverkar næringsutviklinga i kommunen og som blir brukt som strategisk verktøy eller grep for å bidra til realisering av moglegheitene. Drivarane kan påverkast lokalt eller regionalt, eller dei blir styrt av nasjonale og internasjonale trendar, konjunkturar og regelverk. Døme er tilrettelegging av eit næringsområde i ein kommune, kompetanse, omdøme, sentralisering, klimaendringar, den globale finanskrisa og pålegg sett av EU. Fokus på drivarar i planen kan gje høve til å ha eit meir næringsuavhengig utviklingsarbeid som kan gje moglegheit for nye typar verksemder og næringar i kommunen og regionen.

Det offentlege har ei rolle ved å leggja til rette for næringsutvikling. Kommunen blir difor ein viktig premissgivar i næringsarbeidet og næringspolitikken. Politisk og administrativ leiing, saman med kommunen sitt eige næringsapparat, er ein tilretteleggar og pådrivar for næringsetablering og utvikling, og kan vise veg til nettverk av føretak og kompetanse der røynslar kan hentast og blir delt. Kommunen sikrar god førstelineteneste i næringsutviklingssaker, og er sentral i saker som gjeld verkemiddelapparatet som til dømes midlar frå Innovasjon Noreg eller fylkeskommune og departement. I tillegg har kommunen plankompetanse og oversyn over tilgjengeleg næringsareal, noko som sikrar god planlegging og arealforvaltning.

Følgjande drivarar er valt for Sveio i næringsplanperioden:

- Næringservice
- Infrastruktur
- Næringsareal
- Omdømmebygging
- Stad- og sentrumsutvikling
- Kompetanse

3.4.1 NÆRINGSSERVICE

Nyskaping er svært viktig for næringsutviklinga i kommunen. Nyskaping kan skje ved knoppskyting frå eksisterande verksemder eller ved at nokre startar opp eit nytt føretak på grunnlag av eit nytt produkt, oppfinning, forskingsresultat, eller at ein rett og slett har lyst til å drive for seg sjølv eller å skape noko nytt. Kvå for behov den einkilde har for oppfølging og kursing er svært varierende, mange klarar seg heilt sjølv i oppstartfasa, medan andre har større behov for rettleiing, rådgiving og kursing. For desse er det viktig at det står eit apparat klårt til å ta i mot dei.

Kommunen sin 1. linjeteneste er for mange første steg. Det sentrale er å bidra til å styrkja kompetansen til nyetablerarar og tilby kurs og rettleiing. Kursa dekker dei mest elementære fagområde for ein nyetablerar. Kurs retta spesielt mot nyetablerarar sine behov vert i første gjort rekkja gjennom Skape.no i Rogaland og Kom-an.no i Hordaland. Dette er viktige samarbeidspartnarar. Elles blir det gjeve tilbod gjennom Ipark Haugesundregionen som er ei "kuvøse" for gründerar med eit spesielt vekstpotensial. VRI er òg eit verkemiddel som fylkeskommunane disponerer og som bidreg til auka forskingsaktivitet i føretaka i fylket. Innovasjon Noreg er eit sentralt verkemiddel for dei som ynskjer å starte noko. Blant anna er dette verkemidlet svært aktuelt innan landbruket.

Næringservice for Sveio kommune vert teke i vare av Haugaland Vekst. Haugaland Vekst arbeider med kommunal og regional næringsutvikling med fokus på moglegheiter som kan gje verdiskaping for kommunar og regionen. Selskapet har kompetanse om det lokalet og regionale næringslivet og dessutan dei moglegheitene og utfordringar som både kommunar, næringsliv og det offentlege står ovafor. Saman med kunnskap om det offentlege verkemiddelapparatet er Haugaland Vekst ein viktig aktør for kommunen i arbeidet med nyskaping.

MÅLSETTING

Vekst i etablering av nye arbeidsplassar med minimum %-vis vekst som i befolkningsutviklinga.

STRATEGIAR

- Tilrettelegging
- Utvikling
- Omdømmebygging

3.4.2 INFRASTRUKTUR

Ein skapande region og kommune har behov for gode tilknytingspunkt. Utbygging av god infrastruktur,

effektive logistikkøysingar, breiband, tilgjenge på kraft er viktige føresetnader for moderne samfunnsutvikling. Ein aukande folkesetnad og tal verksemdar set dessutan nye krav til god og miljøvenleg arealutnytting. I omgrepet blir lagt tradisjonell infrastruktur som veg, vatn, kloakk, men òg nærings- og bustadareal.

For mange føretak og organisasjonar er det ikkje viktig kor arbeidstakaren utfører arbeidet. Dette gjeld spesielt såkalla kompetansearbeidsplassar som det tradisjonelt sett har vore få av i distrikta. Med gode rutinar for informasjonsdeling og solid teknisk infrastruktur, kan eit føretak ha tilsette spreidd i fleire kommunar eller fylke - til og med i fleire land. God infrastruktur i kommunane vil kunne bidra til høg grad av etableringar innanfor stad-uavhengige arbeidsplassar. Med god infrastruktur blir her meint breiband, høve for å etablere kontorfellesskap, tilgjenge på videokonferanseutstyr, med meir.

Infrastrukturen er premissgivar for styrka attraktivitet innafør alle samfunnsområde. I næringsplanen er fokus knytt til grep som styrkjer bedriftsattraktivitet, besøksattraktivitet og bustadattraktivitet.

Ein god infrastruktur:

- gjev stor reduksjon i samfunns- og bedriftsøkonomiske kostnader
- bidreg til utviding av bu- og arbeidsmarknadsområdet
- gjev grunnlag for ny og nyskapande næringsaktivitet

MÅLSETTING

Infrastrukturen skal følgje prioriterte næringsområde i planperioden.

STRATEGIAR

- Tilrettelegging
- Lobbyverksemd



3.4

3.4.3 NÆRINGSAREAL

Det er viktig at kommunen har sett av tilstrekkeleg med næringsområder i kommuneplanen. Dette fordi næringsetableringar ofte skjer raskt, og det kan vere avgjerande for etablering at det er tilgjengelege areal. Det er òg viktig at det finst ulike typar næringsareal.

I Sveio kommune finst gode næringsområder som er attraktive for næringsverksemd og arealkrevjande forretningsdrift som kan ha fordelar av å liggje langs stamvegen til Haugesund og Stord.

Næringsområde på Ekrene

Næringsområdet på Ekrene har vore under utvikling ei tid, men no er infrastrukturen på plass og nye verksemder kan etablere seg på området. Næringsområdet og den auka interessa for bustadbygging i sør, gjer Ekrene-område til ein sentral utviklingsarena i tida som kjem. Nærleiken til Haugesund som regionsenter må utnyttast.

Næringsområde på Hanaleite

Resten av det planerte området på Hanaleite næringsområdet vart selt i 2007 og det er god interesse for nyetableringar. Det er mykje større etterspurnad her no enn det har vore dei siste åra og det er viktig å utvide området i takt med etterspurnaden. Med fleire etableringar aukar attraktiviteten til området.

Næringsområde på Tjernagel

Sveio kommune kjøpte ca 205 daa areal på Tjernagel då Telenor la ut for sal eigedomen som tidlegare vart brukt som «sendeområde». Området er saman med anna areal som Telenor nytta som «sendeområde», sett av til næringsformål i kommuneplanen. Det er brukbar veg ut til området. Næringsområdet kan gje moglegheiter for både sjø- og landbaserte næringar. Næringsområdet er òg lagt inn i Karmsund Havnevesen sin langsiktige plan.

Næringsområder til sjø

I samband med revisjonen av kommuneplanen må det vurderast areal for næringsområder med gode hamneforhold. Det må òg vurderast areal for fiskeoppdrett på land.

Sentrumsnært næringsareal

I Sveio sentrum er det sett av areal til kontor, service og handel kombinert med moglegheit for bustad. Vidare er det i kommuneplanen lagt inn areal til anna næring mellom Sveio og Bjelland.

Næringsområder langs E39

I kommuneplanen er det sett av fleire næringsareal blant anna på Haukås, Førde, Liereid og ved innløpet til trekantsambandet.

Strandsoneplanen

Ni kommunar er med i arbeidet med å lage ein interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland. Planen har status som interkommunal og vil vere å sjå på som ein kommunedelplan for strandsona i den einskilde kommunen. Planen skal erstatte tilsvarende areal i gjeldande kommuneplan. Blant anna skal han leggje føringar for å kunne bruke strandsona aktivt for å sikre busetjing og næringsutvikling. Han skal sikre urørt og eigna strandsone for allmenta og friluftsliv. Det vart i kommunestyret i mai i år gjort vedtak om at kommunen går inn for full revisjon av strandsona. Det medfører full gjennomgang av Sveio si strandsone med alle føremål langs kysten.⁶

MÅLSETTING

Sveio skal i planperioden styrkja posisjonen sin som ein attraktiv kommune for etablering av verksemder og plasskrevjande bransjar i etablerte næringsområder og vurdere næringsareal til sjø.

STRATEGIAR

- Tilrettelegging
- Utvikling
- Omdømebygging

3.4

3.4.4 OMDØMEBYGGING

Omdømme er her definert som summen av oppfatningar som ulike interessentgrupper har av oss. Omdømme

styrer folk sine handlingar og val, og ikkje naudsynlegvis faktum. Eit positivt bilete av kommunen kan vere med på å opne dører. Kommunen og næringslivet er avhengig av god tilgang til kompetent arbeidskraft. Eit positivt bilete av kommunen, både samfunnslivet generelt og arbeidslivet spesielt, vil ha noko å seia for kor lett det er å rekruttere spesialistar og anna arbeidskraft.

Eit godt omdømme er viktig for å styrkja kommunen si attraksjonskraft. Er vi attraktive for busetjing, besøk og for næringsliv, gjev dette vekst og større høve for å lukkast i kampen om midlar og ressursar. Attraktivitet for busetjing heng saman med moglege arbeidsplassar, bustadbygging, arealtilgang og sosiale tilhøve som kafétettleik, osb. Attraktivitet for vitjande vert oppfatta å vera knytt til natur, kultur og omdømme. Sistnemnde, næringsattraktivitet er igjen knytt til stadkvalitetar som plassering, storleik, befolkningsgrunnlag, førekomst av kompetanseinstitusjonar, infrastruktur, osb.

Sveio har eit mål om vidare vekst i folkesetnaden og næringslivet. Skal ein klare det er omdømmet til kommunen og attraktivitet på alle område avgjerande. Sveio er ein av fleire kommunar på Haugalandet som deltek i det regionale omdømmearbeidet. Arbeidet har som mål å synleggjere moglegheitene innanfor arbeidsmarknad, bustadmarknad og andre positive faktorar som påverkar attraktiviteten på alle område.

Bustadattraktivitet er ein viktig drivar for utvikling og blir basert mykje på grad av arbeidsplassvekst, sentrale stader med stor befolkningsstorleik har høy innflytting, grad av bustadbygging og kaféfaktoren som har ein klår positiv samanheng med nettoflytting.⁷ Etter kvart som stadig fleire pendlar mellom bustad og arbeidsstad har nokre stader kunna vekse berre ved å vere attraktive

som bustader. Slike stader har gjerne stor utpendling til naboregionar. Det er vanlegvis ein positiv samanheng mellom arbeidsplassvekst og innflytting. Stader som har vekst i arbeidsplassar får som regel innflytting, medan stader med nedgang i tal arbeidsplassar vil ofte få utflytting. Sveio er den mest attraktive kommunen i regionen når det gjeld bustad, og er attraktiv for innflytting frå andre kommunar i landet, både dei med og utan innvandrarbakgrunn.

Val av bustad er knytt til mange ulike faktorar som òg har ulik vektlegging avhengig av kvinner og menn. Kvinner legg større vekt på nærleik til familie, vener og oppvekst-kvalitetar enn menn.⁸

MÅLSETTING

Auke attraktiviteten innanfor næringsetablering og busetjing gjennom målretta omdømmebygging.

STRATEGIAR

- Omdømmebygging

⁶ Sveio kommune saksnr 053/13 - Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland

⁷ Kilde: Telemarksforskning TF notat nr. 34/2011

⁸ Omdømmebarometeret 2011 Hugesundregionen



3.4

3.4.5 STAD- OG SENTRUMSUTVIKLING

En livskraftig region er kjenneteikna av attraktive region- og lokalsentra som kan stimulere næringsutvikling og tilflytting og motverke fråflytting.

Tenestetilbod og møteplasser

Befolkninga bør innan ein viss reiseavstand ha tilgang til kommunesentra som dekkjer basisbehova, og til region-sentra som dekkjer eit breiare spekter av handel og tenester. Å gjere tettstadane meir attraktive estetisk og funksjonelt er ein viktig del av arbeidet med å utvikle dei til ein meningsfull arena for handel, næringsverksemd, offentlege tenester, bustader, sosialt samvær og kultur.

Synergieffekt

Eit opplevingsrikt miljø og gode møteplassar er viktig for rekruttering av arbeidskraft og auka busetting. Fortetting og lokalisering av fleire aktivitetar og bustadar til sentrum kan gje større mangfald i tilbod og opplevingar. I tillegg til mindre transportbehov (jmfør Rikspolitiske retningsliner for samla areal- og transportplanlegging) kan det gje god synergieffekt for næringsutvikling og nyetableringar. Folk er ofte villege til å satse meir på stader som er i positiv utvikling.⁹

Ein lokaliseringsspolitikk som legg til rette for tenesteyting og andre publikumsretta funksjonar i utvalde senter, vil kunne stimulere til at det enno blir sett på som attraktivt å bu i distrikta.

Det er likevel viktig å vere klår over at små distriktskommunar har avgrensa høve til å utvikle tettstad-er. Dei fleste stadane har moglegheit for ei viss utbygging med liten konflikt, men nokre område er i vesentleg grad omgjeve av verneverdig landbruksareal eller soner med kulturminne.

Sveio kommune blir prega av auka busetting og samstundes lita utvikling innafor næring og handel. Dette kan skildrast som ein ubalanse mellom busetting, arbeidsplassar, service og handel i heile kommunen. Det er viktig for Sveio å ta del i handelsutviklinga for å kunne møte den auka folkeveksten og sikre arbeidsplassar.

Sveio kommune har stor handelslekkasje til Haugesund og Stord. Stord spesielt har fått auka handelen sin som ein konsekvens av slutt på bompengane. Kommunen må jobbe for å redusere denne. Svak opplevd attraktivitet innan handel i folkesetnaden er den største årsaka og trusselen for auka handelslekkasje. Sveio er den kommunen med størst dagleg utpendling og då primært til Haugesund og Stord. Det er difor ei utfordring for handelsnæringa i Sveio å snu handelsmønsteret som i stor grad er geografisk betinga ut frå arbeidsstad i eigen folkesetnad.

Handel er eit viktig verkemiddel for å styrkja bu- og besøksattraktiviteten i kommunen. Det er ein viktig faktor for utvikling av strategiske bustadområde og vekst. Fokus på utvikling av handel har betydning for både sentral og mindre sentrale område i kommunen.

Sveio sentrum blir i dag prega av detaljhandel og nokre få servicefunksjoner. Detaljhandel er ei nemning for sal av varer tilpassa personleg eller hushaldsbehov direkte til forbrukarar eller hushald.

Handel sysselsette i 2012 ca 133 personar i Sveio. Dette utgjer nærare 10 % av tal sysselsette i Sveio. Ca 50 % er tilsett innafor engros og detaljhandel med drivstoff. Utover dette var dei fleste tilsette i verksemdar etablert i Sveio sentrum innanfor detaljhandel.

MÅLSETTING

Auke attraktiviteten for Sveio kommune ved å styrkja Sveio som kommunesenter gjennom styrkt handel, offentleg- og privat tenesteyting og service.

STRATEGI

- Tilrettelegging
- Omdømebygging
- Utvikling

⁹ Hordaland fylkeskommune. Regionalplan for attraktive senter

3.4.6 KOMPETANSE

Haugaland Skole & Arbeidsliv - eller HSA, er eit interkommunalt samarbeid om utviklingsarbeid i skulen knytt til tilhøvet mellom skule og næringsliv. HSA skal koordinere ungdomsskulane sitt samarbeid med lokalt næringsliv og vidaregåande opplæring og vere ein viktig bidragsytar til heilskapstenking i forhold til det nye skulefaget utdanningsval. Målet er å styrkja medvitnet til ungdommen omkring framtidig utdannings- og yrkesval. Sveio kommune deltek i HSA gjennom sitt eigarskap i Haugaland Vekst.

Som ein del av samarbeidet med HSA, får elevar i grunnskulen tilbod om program frå Ungt Entreprenørskap. Dette er eitt ledd i kommunen sitt mål om å styrke entreprenørskapskompetansen og framtidig verdiskaping i kommunen.

Kompetanse i kommunen som ein viktig tilretteleggar og samarbeidspartnar for næringslivet, er ein viktig strategi for Sveio. Fokus må vere rekruttering av riktig og god kompetanse og dessutan opplæring internt. Utanom kompetanserefokus i eigen organisasjon, har kommunen samarbeidspartnarar som tek i vare det offentlege si tilrettelegging for kompetanseheving i lokalt næringsliv. I dag vert dette teke i vare gjennom Sveio kommunen sin næringssservicefunksjon i Haugaland Vekst og gjennom dei moglegheitene som ligg i www.kom-an.no og www.skape.no som er presenterte under kapittelet om nærings-service. Fylkeskommunen og Innovasjon Noreg er òg viktige samarbeidspartnarar innan kompetanseheving i næringslivet i Sveio.

Kompetanse er eit strategisk satsingsområde i Hordaland fylkeskommune sin Regional Næringsplan 2013-2017. Dei har fokus på tre innsatsområde som skal bidra til å redusere utfordringar med manglande kvalifisert arbeidskraft i fylket. Kompetanse er ein viktig føresetnad og eit berande element for verdiskaping og innovasjon. Hordaland har mange og viktige utdannings- og forskingsmiljø, og det er viktig at ny kunnskap blir gjort relevant og teke i bruk av næringslivet. Innanfor alle bransjar og sektorar, både offentleg og privat, er det venta eit aukande krav til kompetanse. Det er stor etterspurnad etter kvalifisert arbeidskraft i mange bransjar og regionar, og ein må ta grep for å utvikle rett kompetanse for å møte dette behovet.¹⁰

¹⁰ Regionalplan Næring for Hordaland 2013-2017 med tilhøyrande utviklingsprogram



MÅLSETTING

Oppretthalde og vidareutvikle dagens kompetansetiltak lokalt og regionalt.

STRATEGIAR

- Tilrettelegging
- Omdømebygging



4. HANDLINGSPLAN

Prioriterte næringer	Tiltak	Finansiering	Prioritet
HELSE	Studietur www.valdres-nhage.no/helseivaldres/ erfaringsoverføring Arena prosjekt	Prosjekt	1
	Utvikling av vandringstilbud i samsvar med nasjonal standard for merking og gradering	Prosjekt	2
	Videreutvikle "Inn på tunet" konseptet i tråd med kommunens interesser	SK/næringa	3
	Moglegheitsstudie - Satsing på Helseturisme	SK/næringa	1
	Utgjeie moglegheit for etablering av overnattingsstilbud (reiselivsbygg / hotell næringa etc.)	Næringa	
	Støtte opp om realisering av «Prosjekt Vigdarheim»	SK/næringa	
	Etablere Bedriftsnettverk - klynge av offentlege og private aktørar innan helsetenester i Sveio	Prosjekt	1
LANDBRUK	Jobbe for alternative moglegheiter for eit breitt spekter av bruk av landbruksareal som står ubrukt	SK/næringa	2
	Videreutvikle prosjektet «Kystlandskapsparken i Sveio»	SK/næringa	2
	Utvikle aktivitetsbasert natur- og kulturopplevingstilbud i kombinasjon med lokal mat, kultur og tradisjon	Prosjekt	1
	Utvikle opplevingstilbud i kombinasjon med næringsaktørar (etablere bedriftsnettverk - Innovasjon Norge)	Prosjekt	1
	Setje i verk tiltak innan landbruket som bidrar til utvikling av bygdesamfunn gjennom stadutvikling	Prosjekt	1
	Videreutvikle «Inn på tunet» konseptet som ei viktig bygdenæring	SK/næringa	3
	Skogingstiltak «Sjå Sveio»	SMIL midlar	2
	Støtte opp om satsing på bioenergi	SK/næringa	3

4.

Prioriterte næringer	Tiltak	Finansiering	Prioritet
REISELIV OG KULTUR	Utvikle Helseturisme – sjå tiltak under punkt for HELSE	Prosjekt	1
	Nytte etablerte marknadskanalar i marknadsarbeid for reiseliv gjennom regionale destinasjonsselskap	Næringa	Løpande
	Nytte etablerte salskanalar for reiseliv	Næringa	Løpande
	Arbeid vidare med implementering av nasjonal standard for merking og gradering for vandring og eventuelt andre aktiviteter som sykling, kajakk, kano osb.	Prosjekt	1
	Arbeid vidare med «Kystlandskapsparken i Sveio»	SK/næringa	2
	Implementere nasjonal standard for gjestehamner og prioritere Førde og Valevåg i arbeid med stadutvikling	SK/næringa	2
	Utvikle opplevingspakkar for kommersielt sal med basis i aktivitet, naturen og historie	Næringa	1
	Vidare utvikling av Ryvarden som regionen sitt mest besøkte turmål med fokus på kommersialisering gjennom utnytting av eksisterande bygningsmasse og kompetansen som finnes i organisasjonen. <ul style="list-style-type: none"> • Auka overnattingskapasitet • Utvida kapasitet og fleksibilitet innan tilbodet til kurs-, konferanse- og selskapsmarknaden. • Auka tilbod av lokalhistorisk orientering og omvising 	SK/prosjekt	1
	Vidare satsing på Fartein Valen-heimen som lokale og regionale besøksmål	SK/prosjekt	1
	Vidare satsing på Nordsjøløypa	SK	3
	Moglegheitsstudie Reiselivsbygg /hotell	Prosjekt	
	Vidareutvikle internettportal for reiselivet som marknads- og salskanal	Næringa	1
	Støtte opp om realisering av «Prosjekt Vigdarheim»	SK/næringa	

SK = Sveio kommune

4.

Prioriterte næringer	Tiltak	Finansiering	Prioritet
NÆRINGS-SERVICE	Næringssevicefunksjonen ved Haugaland Vekst	SK	Løpande
	Avklare Sveio Næringssevice si rolle og funksjon	SK/SN	1
	Nytte tilboda i Kom-an.no og Skape.no	SK/næringsa	Løpande
	Innovasjon Norge sitt verkemiddelapparat	SK/næringsa	Løpande
	Fylket sitt verkemiddelapparat	SK/næringsa	Løpande
	KRD sitt verkemiddelapparat	SK/næringsa	Løpande
	Deltaking i regionale utviklings- og samarbeidsprosjekt	SK/næringsa	Løpande
INFRASTRUKTUR	Gjennomføre naudsynt tilrettelegging for eit vel fungerande breibandsnett	SK/næringsa	1
	Jobbe aktivt inn mot fylkeskommune og stat for utbetringar av strategiske fylkeskommunale og nasjonale vegar i kommunen	SK/næringsa	1
	Etablering av kontorfellesskap (næringshage)	Prosjekt	3
NÆRINGSAREAL	Moglegheitsstudie Posisjonere strategiske næringsområder inn mot endringar i samferdsla - Rogfast/Hordfast	SK	1
	Sal av næringsstomter på Ekrene inn mot engros-handel/logistikk	SK	1
	Sal av næringsstomter på Hanaleite inn mot engros / handel/industri	SK	2
	Sal av næringsstomter på Haukås inn mot engros/ logistikk	SK	2
	Selje inn næringsareal i Sveio for etablering av Vikingland	SK	
	Selje inn næringsareal i Sveio for etablering av sentrale regionale funksjonar	SK	3
	Bruke Arealguiden i marknadsføring av næringsstomter	SK/næringsa	1
	Målretta sal av næringsstomter med verksemdsetableringar	SK	Løpande
	Moglegheitsstudie for Tjernagel som synleggjer høve for landbasert oppdrett, vindpark og eventuelt anna	SK	
	Moglegheitsstudie for Mølstrevåg	SK	3
	Gjere nytte av arbeidet i Strandsonenplan for Sunnhordland	SK	2

4.

Prioriterte næringer	Tiltak	Finansiering	Prioritet
OMDØME-BYGGING	Forsette kommunen og føretaka si deltaking i det regionale omdømmearbeidet for Haugesundregionen	SK/næringa	1
	Delta i det regionale omdømmearbeidet for Sunnhordland	SK/næringa	2
STAD- OG SENTRUMS-UTVIKLING	Gjennomføre moglegheitsstudie for å utvikle målretta butikkmiiks / handelsmiiks i prioritert område og Sveio sentrum	SK/næringa	3
	Vurdere høve for å kombinere handel/kontor/ bustad i prioriterte område	SK/næringa	3
	Stadutviklingsprosjekt Sveio nord	Prosjekt	1
	Følgje opp føringar i Regionalplan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur	Prosjekt	Løpande
	Følgje opp føringar i Regionalplan for areal og transport på Haugalandet	Prosjekt	Løpande
KOMPETANSEN	Vidareføre samarbeidet med HSA	SK	Løpande
	Yrkesmessa	SK/næringa	Løpande
	Samarbeid med Ungt Entreprenørskap	SK	Løpande
	Vidareutvikle samarbeidet med utdanningsinstitusjonar i regionen	SK/næringa	Løpande
	www.kom-an.no og www.skape.no	SK/næringa	Løpande

SK = Sveio kommune



Sveio kommune

Postboks 40 • 5559 Sveio
Tlf 53 74 80 00
postmottak@sveio.kommune.no

www.sveio.kommune.no